

OSTERØY KOMMUNE  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

Dato: 20.08.2019  
Vår ref.: 2019/14660-4  
Saksbehandlar: malutk  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til mindre endring i reguleringsplan for Fugledalen bustad - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 15.07.2019 om høyring av mindre endring i detaljregulering for Fugledalen bustad, Hatland i Osterøy kommune. Hovudføremålet i planen er å gjennomføre mindre endring av vedtatt plan jf pbl. |12-14 2. ledd. Endringa vil gjelde både føresegn og plankart. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Kulturminne og kulturmiljø

Endringa gjeld fleire moment både med omsyn til kart og føresegner. Plan frå 2014 bygger igjen på eldre planar, som alt er handsama av fylkeskommunen. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Formelt er kulturminneverdiane avklart i samband med godkjent plan og endringane i plankart vil etter vår vurdering ikkje løysa ut krav om gransking.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer at endringane ikkje går utover hovudrammene i planen eller påverkar gjennomføringa av planen elles.

Eva Katrine R. Taule  
konst. plansjef

Malene Utkilen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Jostein Akسدal, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA